

Eksempel på skriveramme for ein drøftande artikkel

Nynorsk

	Drøfting Eksempeloppgåve: Drøft følgjande påstand: Ein kan påverke samfunnet i stor grad sjølv om ein ikkje har stemmerett.
Første avsnitt: Innleiing	Første avsnitt: Innleiing med overskrift, presentasjon og problemstilling. Teksten skal starte med ein presentasjon av bakgrunnen for temaet og kvifor dette temaet er aktuelt. Innleiinga bør innehalde ein versjon av oppgåveteksten og ei avgrensing av oppgåva til nokre få eksempelområde. Still gjerne spørsmål. Målet er å førebu lesaren på kva teksten vil handle om og gjere lesaren interessert i å lese vidare.
Andre avsnitt: Tema	Andre avsnitt: Kapitteloverskrift kan vere nødvendig i lengre tekstar Dette avsnittet i teksten kan introdusere eitt eller fleire område der det er mogeleg å påverke samfunnet sjølv om ein ikkje har stemmerett og forklare korleis og i kva grad det er mogeleg å påverke.
Tredje avsnitt: Tema	Tredje avsnitt: Kapitteloverskrift kan vere nødvendig i lengre tekstar Dette avsnittet kan anten ta for seg eit anna område det er mogeleg å påverke eller presentere område der det er få eller ingen moglegheiter til å påverke utan stemmerett og forklare kvifor det er slik. Det er også eit alternativ å bytte rekkefølge på dette avsnittet og avsnittet før.
Fjerde avsnitt: Vurdering	Fjerde avsnitt: Kapitteloverskrift kan vere nødvendig i lengre tekstar I dette avsnittet kan det vere ein ide å vurdere det som talar for at ein har påverkingskraft og det som talar mot frå dei førre avsnitta og vekte kor viktige dei ulike områda er for dei som ikkje har stemmerett.
Femte avsnitt: Avslutning	Femte avsnitt: Avslutning/konklusjon Her skal teksten rundast av, for eksempel ved å hente inn igjen litt av det som blei presentert om temaet i innleiinga. Det skal ikkje kome ny informasjon i dette avsnittet. I tillegg skal teksten her svare på spørsmål som er stilt i innleiinga og kome med ei vurdering av i kva grad påstanden i oppgåveteksten stemmer.
Kjelder	Kjelder: Referanseliste I referanselista skal du liste opp alle kjeldene du har brukt for å svare på oppgåva. Det finst ulike standardar for korleis desse kjeldereferansane skal sjå ut, og det viktigaste er derfor at alle kjeldene følgjer den same standarden.

Samfunnsfaglege teksttypar

Nynorsk

Artikkeltype	Utgreiing	Samanlikning	Beskriving	Argumentasjon	Drøfting	Undersøking
	Utviklingsforløp Årsak-verknad	Situasjon A og B Case A og B Land A og B Før (A) og nå (B)	Beskriv eit land/ styringsform/ historisk situasjon/person	F.eks. argumenter for/mot at ... er ei rettferdig løysing	F.eks. drøft om ... er ei berekraftig løysing	Undersøk om ... Rapport frå utforskande arbeid
Første avsnitt: Innleiing	Overskrift, presentasjon og problemstilling	Overskrift, presentasjon og problemstilling	Overskrift, presentasjon og problemstilling	Overskrift, presentasjon og problemstilling	Overskrift, presentasjon og problemstilling	Overskrift, presentasjon og problemstilling
Andre avsnitt: Tema	Underliggende årsaker	Presentasjon av A	F.eks.: Topografi, klima og naturressursar	For det første ...	For eller Eitt aspekt	Hypotese, teori og metode
Tredje avsnitt: Tema	Utløysande årsaker	Presentasjon av B	F.eks.: Industri	For det andre ...	Mot eller Eit anna aspekt	Datamateriale
Fjerde avsnitt: Tema	Verknader	Likheiter og forskjellar	F.eks.: Befolkning	Til sist ...	Nyansering, samanstilling, vurdering eller veking	Analyse av datamaterialet
Femte avsnitt: Avslutning	Oppsummering og konklusjon	Oppsummering og konklusjon	Oppsummering og konklusjon	Oppsummering og konklusjon	Oppsummering og konklusjon	Oppsummering og konklusjon
Kjelder:	Referanseliste	Referanseliste	Referanseliste	Referanseliste	Referanseliste	Referanseliste